

Plan for kommunalt forebyggingsprogram for barn og unge – Haram kommune 2026

I 2026 blei det etablert ei ny, tverrsektoriell tilskuddsordning kalt Kommunalt forebyggingsprogram for barn og unge. Haram kommune fekk tildelt midlar gjennom ordninga i mai, og denne planen synes korleis midlane vert nytta i 2026.

Ordninga skal støtte opp under kommunen sitt førebyggjande arbeid for barn og unge, og bidra til målretta og heilskapleg innsats på tvers av ulike sektorar.

Ordninga har to delmål:

- *Tilhørighet, deltakelse og god helse: Barn og unge har god helse, opplever tilhørighet, og deltar i barnehage, utdanning, arbeidsliv, nærmiljø og fritidsaktiviteter.*
- *Tidlig og helhetlig innsats: Barn, unge og deres familier med behov for hjelp fanges opp tidlig og får helhetlig, tilpasset og samordnet oppfølging gjennom kommunenes tjenester og tilbud.*

Kort om utfordringsbilde

Nye Haram kommune utarbeida si folkehelseoversikt i 2025 (kommunestyre desember - 25). I oversikta har ein trekt fram nokre utfordringar (i tilfeldig rekkefølge):

- sosioøkonomiske forskjellar aukar nasjonalt. Dette gjer det viktig å arbeide med sosial utjamning på alle arenaer.
- Bekymring knytt til levevanar
- Endringar i demografi og auke i tal innbyggjarar med samansette utfordringar
- Mange opplev psykiske plager og utanforskap
- Endringar i klima og miljø

[Folkehelseoversikt Haram kommune](#)

Kommunens mål for tilskuddsperioden

I kommuneplanen sin samfunnsdel er eit av hovudmåla at Barn og unge i Haram skal ha ein trygg og god oppvekst. I dette ligg at vi skal sikre medverknad frå barn og unge, at kvalitet i tenestene skal vere eit hovudfokus, at barn og unge skal vere omgitt av vaksne som støttar opp om deira behov og utvikling, at vi skal motverke mobbing og utanforskap

og førebygge rusproblematikk, og at kommunen skal vere medspelar med frivillige lag og organisasjonar. Kommunen vedtok i mai 2026 [*Saman for ein god oppvekst i Haram kommune*](#) - plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar. Hovudmål i planen følger opp mål i samfunnsdelen. Vidare har planen tre delmål, der kvar delmål er utdjupa med «*i dette ligg at*». I samheng med plan for førebygging er det utarbeida ein handlingsdel, for å kunne følgje opp og konkretisere måla som er sett opp (vedlegg i planen). Måla for tilskuddsperioden følger måla og oppsettet i plan for forebygging.

Kort om medvirkning

Det er utført medverknadsprosessar i utarbeiding av kommunale planar det vert vist til under tidlegare overskrifter. Medverknadsarbeidet er omtalt i planane. Det vert og vist til folkehelseoversikt, som både har vore tema i kommunale råd og som nyttar data frå mellom anna Ungdata 2024.

Det har ikkje vore omfattande medverknadsprosess i samband med denne planen for bruk av tilskuddsmidlar.

Innsatser og tiltak 2026

Antall: 5

1. Utvikling og implementering av BTI (Betre Tverrfagleg Innsats)
 - Utarbeide BTI-veileder og verktøy som tilhøyrer den
 - Starte arbeidet med implementering. Pilotering/test av veilederen hausten 2026
 - Utvida oppvekstforum 13.august var ein fagdag med tema BTI der alle tilsette i barnehage, skule, SFO, helsestasjon, barnevern, pedagogisk fagsenter og ressursbasen var invitert
 - Klargjere og teste for bruk av digitalt samhandlingsverktøy (Stafettlogg)
2. Utarbeide digital oversikt over tiltak for barn og unge. Oversikta blir del av BTI-veileder. Den digitale løysinga er kjøpt inn.
3. Utarbeide og teste gruppetilbud til gravide/nybakte foreldre
 - samarbeid mellom helsestasjon/jordmor og ressursbasen/familieterapeut (ressursbasen er psykisk helsetenester barn og unge)

- Målgruppe: Gravide og deira partner/medforelder som venter barn, med særleg fokus på førstegangsforeldre.
 - Tiltaket er eit universelt og lavterskel forebyggingstilbod, og skal vere tilgjengleg for dei som ønsker å delta.
 - Målsetting: å gje komande foreldre auka tryggleik, kunnskap og meistring i overgang til foreldrerolla. Gjennom samarbeid mellom jordmor og familieterapeut skal foreldra få eit heilskapleg tilbod som ivaretek både graviditet, fødsel, spedbarnstid og den nye familiesituasjonen. Kurset skal bidra til å styrke foreldra sin relasjon og samarbeid og fremme god kommunikasjon. Tilbodet skal styrke beskyttande faktorer rundt barnet og familien og bidra til ein trygg start på familielivet.
 - Utarbeide opplegget med mål om oppstart før jul
4. Utarbeide gruppetilbud til ungdom (ungdomsskule og vgs)
- nytt tilbod frå ressursbasen (psykisk helsetenester barn og unge)
 - Målsetting: tilby ungdom ein trygg og inkluderande arena for fellesskap, medvirkning og samtalar som påverkar psykisk helse og livsmestring. Tiltaket skal bidra til å styrke ungdommene sin mestring, tilhørighet, sosialt nettverk, samt førebygge utvikling av psykiske helseutfordringar
 - Tiltaket skal ha lav terskel for deltaking og vil utfylle tilboda ellers i kommunen og vere eit supplement til kommune sine øvrige førebyggjande og helsefremmande tenester
5. Kompetanseheving: Fire tilsette i ressursbasen får kompetanseheving i "Mestringskatten for barn og ungdom". Mestringskatten er eit strukturert behandlingsprogram for barn og ungdom med angst. Kurset har ein del for barn 7-12 år og ein del for ungdom 13-17 år. Tiltaket er viktig for å møte auka krav om behandling av denne type lidningar i kommunen, jf. nasjonal veileder "psykiske helse barn og unge, samt barn og unges helsetenester i Møre og Romsdal.

Tilskuddsbeløp er kr. 835 709. Hoveddelen av tilskuddet blir nytta til lønnskostnader.